

Felles programstyre for lektorutdanninga

Protokoll frå møte i felles programstyre for lektorutdanninga

Møte 2 - 2025

Tidspunkt: 2.april, 2025, kl. 09.15 – 11.15

Møtestad: Lektorsenteret, Christies gate 20

Til stades:

Endre Brunstad (leiar), Line Hilt (PF-PPU), Martin Sjøen (PF-5LU), Katharina Sass (SV), Christian Sæle (HF-AHKR), Kimberly Skjelde (HF-IF), Ragnhild Lie Anderson (HF-nordisk), Matthias Stadler (NT), Guri Reikvam (Bergen kommune, Slåtthaug ungdomsskole), Bo Byrkjeland og Aud Irene Mehammer (sekretariat, lektorsenteret)

Meldt forfall:

Monica Håkonsli (VLFK), Katrine Aske, Thashany Pratheepan og Karine Børstad (studentrepresentantar)

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkallinga blei godkjend.

II Godkjenning av protokoll frå møtet 5. februar

Protokollen blei godkjend.

Saker til eventuelt: ingen

Vedtakssak

Sak 11/25 Avvikling av utfyllande reglar for integrert lektorutdanning

Vedtak

Felles programstyre vedtok at utfyllande reglar for lektorutdanninga vert avvikla.

- Naudsynte føresegner blir i staden ivaretatt av emneplanar, studieplanar, *Forskrift om opptak til universiteter og høgskoler*, *Forskrift om skikkethetsvurdering*, UiB si studieforskrift og fakulteta sine eigen utfyllande reglar.
- Utfyllande regelverk vil framleis gjelde for studentar i gammal modell, men lagt inn i studieplanar eller fakulteta sine utfyllande reglar.
- Lektorsenteret følger opp punkt frå saksframlegget.

Sak 12/25 Gruppepraksis i lektorutdanninga

Arbeidsgruppa har utført arbeidet sitt i høve til det mandatet som programstyret har gitt det, og har laga ein grundig rapport.

I programstyret kom det samtidig fram ulike syn på mandatet og på verdien av gruppepraksis meir generelt.

Som del av diskusjonen kom det fram ønske om at programstyret tek opp igjen spørsmålet om dei geografiske grensene for ordinær praksisutplassering.

På bakgrunn av diskusjonen vart det gjort nokre justeringar av framlegget til vedtak.

Vedtak

Programstyret takkar arbeidsgruppa for arbeidet med rapporten.

Programstyret er positiv til at studentane kan plasserast i grupper på tre studentar, dersom det er nødvendig mtp. rettleiarkapasitet.

Programstyret ønskjer at det blir gjennomført eit pilotforsøk med praksis i grupper på tre studentar hausten 2025, og at det blir evaluert. Utval av studentar til pilotforsøket og evaluering av det skjer i samarbeid mellom lektorsenteret og fagmiljø basert på bl.a. kapasitetsomsyn.

Programstyret støttar tilrådingane frå arbeidsgruppa om gjennomføring av langpraksis hausten 2026.

Programstyret ønskjer sak om vidare oppfølging av desse momenta våren 2026.

Orienteringssak

Sak 15/25 Semesterplan haust 2025

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 16/25 Planar om deltids-PPU

Institutt for pedagogikk (IPED) sin rapport om deltids-PPU er grunnlagsarbeid for den vidare prosessen.

I rapporten blir det presentert fire moglege modellar for deltids-PPU. Modell 1 og 2 er kampusbasert, medan modell 3 og 4 er samlingsbaserte med både fysisk og digital undervisning. IPED har vurdert at modell 3 og 4 skal gå vidare for undersøking. Dette inneber at ein skal sjå på innhald i emna, rekkefølga på emna, i tillegg til å avklare kva dei andre involverte fakulteta seier til framlegga.

Det var opplyst om at dersom eit deltidstilbod for PPU skal vere på plass til hausten 2026, må eit ferdig framlegg til modell opp i fakultetsstyre ved Det psykologiske fakultet allereie i oktober.

Det vart i spørsmålsrunden kommentert at det var positivt med nytenking rundt PPU. Samtidig kom det innspel om at undervisninga i fleire fagdidaktikkfag er samkøyrtd mellom PPU og 5LU, pga. ressursituasjonen, og at samlingsbasert undervisning for PPU dermed kan bli utfordrande logistisk og ressursmessig. I tillegg er PPU-master basert på samdrift med ordinær PPU. Det vart vidare påpeikt at felles programstyre har ansvar for samordning av alle lektorprogram, inkludert PPU, og at saka må opp der. Dersom endringa får ressursmessige implikasjonar skal styringsgruppa involverast. Lektorsenteret tilbaud òg samarbeid.

IPED poengterte at ein ønskjer eit godt samarbeid med dei andre fakulteta for å få dette til.

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 17/25 Nytt frå praksisutvalet

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 18/25 Årsrapport frå praksisutvalet

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 19/25 Rapport om kvalitet i rettleiinga i praksisopplæringa

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 20/25 Stillingar til utlysing

Lektorsenteret ønskjer å lyse ut to 20% stillingar, som seniorrådgjevar. Lektorar ved universitetsskulane vil bli særleg oppfordra til å søke. Stillingane skal knytast til lektorsenteret og skal jobbe med partnerskap og kvalitet i utdanninga. Det kan bli aktuelt å drøfte relevante arbeidsoppgåver i programstyret.

Stillingane blir finansierte av partnerskapsmidlar som UiB får i si ramme og som blir forvalta av lektorsenteret.

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 21/25 Lektorutdanning ved UiB i Arendals-veka

På initiativ frå prorektor vil UiB setje fokus på lektorutdanning i ein 45-minutt slott under Arendals-veka, og ein forventar at kunnskapsministeren vil delta. Det er mykje som skjer politisk rundt lærarutdanninga, men fokuset er som regel på GLU, og UiB ønskjer å få fram særpreget til lektorutdanning, men òg kva rolle politisk styring av lærarutdanningane skal ha.

Sak 22/25 Ny som lærar i Vestland: arbeidsseminar 1. april

"Ny som lærar i Vestland" er finansiert av Utdanningsdirektoratet og handlar bl.a. om rettleiing av nyttilsette lærarar. UiB har ansvar for dette ved dei vidaregåande skulane i gamle Hordaland. 1. april var det arbeidsseminar på lektorsenteret. Leiaren for lektorsenteret er leiar for styringsgruppa for ordninga. I arbeidsgruppe sit ein representant frå Iped som har driftsansvar for ordninga ved UiB.

Felles programstyre tok saka til orientering.